

## Bergbygdsongen

Melodi: Havet er skjønt

Kom vi vil synge ein song for vårt rike,

fagreste flekken du finn på vår jord.

Der du fekk lukka å finne ditt virke,

der du var barn, fekk bli far eller mor.

Byggja deg heim mitt i eventyrlandet,

garden er tufta på fjellsikker grunn.

Kraftig du kjenner i barmen det bandet,

halda til slekta og du fell i blund.

Tidleg ein vårdag når snøvatnet rislar,

hoppar og sprett ned den fjellbratte li.

Soli stig høgre og småblommar nikkar,

fuglane kvitrar sitt tireliti.

Bergfru, Linnea og lyng sless om plassen,

finn seg eit rom millom småbjørk og snar,

tvingar ditt sinn til å åpna den sansen

Bergbygdnaturen sin venleik deg gav.

Fager mi grend når kong vinter deg gjestar,

Korpfjellet står med si krona av snø.

Isjøklar titt kringom "Nebben" seg festar,

småbekken stansar si ferd ned mot sjø.

Mollstemte toner i grantoppen susar,

småbølgen klukkar mot vinterstill strand.

Atter kjem våren, som orgel den brusar,

fedrelandssong for vårt herlige land.

Songen er skrevet av Gunvor Karevold, Levanger, på 1950-tallet.

Gunvor var ofte på besøk i Bergbygda, til søstera Marie Finsvik.